

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**860**] N-78942. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 52; 1990b: [45].)

Innskrifta står på ei nål av tre, maken til N859 ovanfor og 861 i det følgjande. Denne nåla er 194 mm lang med diameter på 6 mm og 15 mm som breiaste mål på 'bladet'. Gjenstanden vart funnen samstundes og saman med føregåande N859 og etterfølgjande N861 med tilsvarende uvisse plassering i høve til faseinndelinga av funnmaterialet (sjå N859 ovanfor).

Det er runer eller runeliknande teikn på ei side av 'bladet'. Innskrifta er 19 mm lang og teikna nokså jamt 11 mm høge. Nåla ser ut til å vera vendt midt i innskrifta, men spørsmålet om skriveretning i kva av dei to delane av innskrifta vert problematisk også om ein oppfattar det slik. Noko liknande er kjent i ei innskrift frå Lund (Lund bein 22, jf. Moltke 1985: 463), men der byr likevel vendinga ikkje på problem med lese måten. I tilfelle dette skal lesast som ei innskrift og ikkje berre som krot, må r. 1-3 lesast 'opp-ned' og i motsett retning i høve til r. 4-7. R. 6 må i så fall sjåast som ei slags stuprune. R. 1 og 7 synest bår å ha punkt på staven. Når det gjeld r. 7 ville det kunna tolkast som **d** eller **ð** (jf. NIyR I, 11 og 209, Bæksted 1942: 38).

Det ville i tilfelle måtta oppfattast som eit ungt drag ved innskrifta, men ettersom det er så mykje ved denne innskrifta som er tvilsamt, kan det ikkje leggjast særleg vekt på dette som argument for datering. Når det gjeld r. 1 derimot, er det uvisst kva konsekvens punkteringa skal ha for lese måten., ettersom det er fleire skadar eller moglege tilfellelege knivstikk rundt runeteikna, odessa tilsynelatande punkteringane òg kan vera skadar. Inne i bogen på r. 4 er det, litt ovanom midten på runa, ein svakt rissa kvist ned til venstre.

Alternativt kan såleis r. 4 lesast som binderune **aua**. Bår kvistane på **a** i denne eventuelle binderuna har ulik høgd i høve til kvisten på r. 5 (**a**).

n i u a · a u a f t [?]

Om vi kan godta alt det som elles er ekstraordinært her, vil sekvensen frå r. 4 til r. 7 kunna minna om siste del av ei eigarinnskrift (*nn*) *á veft* - '(nn) eig vevnaden'. I så fall ville r. 5 **a** vera eit drag som peika attover i tid (jf. Sanness Johnsen 1968: 41f). Men heller ikkje det kan det leggjast vekt på her etter som første del av innskripta i alle fall ser ut til å vera fullstendig utan språkleg meining. I dette tilfelle ville det såleis kanskje vera rettast å karakterisera det heile som runeliknande teikn.